

Odda (Røldal)

0. Disposisjon

1. Kommune og bygder ➤
2. Nokre særdrag ➤
3. Ein liten grammatikk ➤
 - 3.1. Lydverket ➤
 - a. Lydane ➤
 - b. Lydmønster ➤
 - 3.2. Bøyingsverket ➤
 - a. Substantiv ➤
 - b. Verb ➤
 - c. Adjektiv ➤
 - d. Pronomen ➤
4. Ord og uttrykk ➤
 - 4.1. Ordsamling ➤
 - 4.2. Uttrykk ➤
5. Forskjellar ➤
6. Kjelder ➤

1. Kommune og bygder

- Røldal ligg på grensa mellom Hordaland, Rogaland og Telemark.
- Eigen kommune fram til 1963, no ein del av Odda kommune.
- Om lag 500 innbyggjarar.
- Har eigen barne- og ungdomsskule.
- Næringsvegar: Jordbruk, geitehald, bær dyrking, ysteri og turisme.

2. Nokre særdrag

Informasjon om lydskriftsystemet. ➤T[eigen art.]

Dialekten her har dei vanlege sørvestlandske ➤T[eigen art.] og hardangerske ➤T[eigen art.] draga, dvs. at

- infinitivar ➤O endar på *-a* ➤T[eigen art.]K: *å vara, å finna*
- svake hokjønnsord ➤O endar på *-a* i ubestemt form eintal ➤T[eigen art.]K:

ei jenta, ei visa

- det er forskjell i bøyinga av svake ➤**O** og sterke hokjønnsord ➤**O** i bestemt form eintal (men ikkje i fleirtalsformene) ➤**T**[eigen art.]**K**:

<i>visa</i>	<i>viso</i>	<i>viser</i>	<i>visedne</i>
<i>bygd</i>	<i>bygda</i>	<i>bygder</i>	<i>byggdedne</i>

- det er vanleg med palatale lydar (dvs. lydar med *j*-klang) ➤**T**: *saķa*, *leķķen* 'saka, leggen'
- det personlege pronomenet i 3. person hokjønn er *hu*
- dei personlege pronomena i første person er *eg* i eintal og *me* i fleirtal ➤**T**[eigen art.]**K**

3. Ein liten grammatikk

3.1. Lydverket

a. Lydane

Vokalane i dialekten er dei vanlege *a, e, i, o, u, y, æ, ø, å, ei, au* og *øy*.

Konsonantane er dei vanlege me kjenner frå skriftmålet: *b, d, f, g, h, j, k, l, m, n, p, r, s, t, v*. Dessutan har dialekten desse "tilleggskonsonantane":

ķ, ķ, som er to lydar med *j*-klang. Dei blir uttalte med å pressa fremre delen av tunga mot ganen litt lenger fram enn der ein uttaler *k* og *g*, og så opna for lufta med ein liten "eksplosjon". I fagspråket kallar me desse lydane for affrikatar. Dei svarar ofte til skrivemåten *kj* og *gj* i nynorsk: *tenķa*, *byggķa* 'tenkja, byggja'. Men desse to lydane vekslar også ofte med *k* og *g* i bøyinga av ord, og det blir kommentert under Substantiv ➤**L**.

ŋ, som ofte svarar til skrivemåten *ng*. Han blir uttalt med å pressa bakre delen av tunga mot ganen mens ein slepper lufta ut gjennom nasen. I fagspråket kallar me denne lyden for ein velar nasal.

Som dei fleste andre dialektane i Noreg har også dialekten i Røldal tonemforskjell ➤**O**, dvs. at det finst ordpar der tonegangen ➤**O** er den einaste tydingsskiljande faktoren:

ˈfaren (bestemt form eintal av *far*)
ˈfaren (bestemt form eintal av *fare*)

b. Lydmønster

- Etter *l*, *n* og *t* kan den trykklette stavinga *-en* bli uttalt som *'n*, dvs. at vokalen fell ut og *n*-en åleine blir uttalt som ei staving. Det heiter f.eks. *onǵedl'n* og ikkje *onǵedlen* 'ongelen'.

3.2. Bøyingsverket

a. Substantiv

Hankjønn

Det dominerande bøyingsmønstrer for hankjønnsorda blir vist nedafor. Ein del ord i denne gruppa endar på *-e* i oppslagsforma ➤**O** (*låve*), mens andre ikkje gjer det (*fisk*). Me har difor plassert *e*-en i ein parentes:

1. - (*e*) *-en* *-ar* *-adne*

Det vil seia at *fisk* og *låve* blir bøygde slik:

<i>fisk</i>	<i>fisjen</i>	<i>fiskar</i>	<i>fiskadne</i>
<i>låve</i>	<i>låven</i>	<i>låvar</i>	<i>låvadne</i>

Ei gruppe hankjønnsord har *e* i fleirtalsendingane:

2. - *-en* *-er* *-edne*

Slik går m.a. *sau* og *sekk*, altså på denne måten:

<i>sau</i>	<i>sauen</i>	<i>sauer</i>	<i>sauedne</i>
<i>sekk</i>	<i>sekkjen</i>	<i>sekkjer</i>	<i>sekkjedne</i>

Avvikande bøyning frå dette i hankjønn finn ein i:

<i>bror</i>	<i>broren</i>	<i>brør</i>	<i>brødne</i>
-------------	---------------	-------------	---------------

Ein del ord med stavinga *-ar* og *-edl* følgjer første bøyingsmønstrer, men dei får samandraging ➤**O** i fleirtal:

<i>hammar</i>	<i>hammaren</i>	<i>hamrar</i>	<i>hamradne</i>	
<i>onǵedl</i>	<i>onǵedl'n</i>	<i>onǵlar</i>	<i>onǵladne</i>	'ongel'

På grunn av at endinga *-en* i *onǵedlen* står etter *-l*, blir ordet i bestemt form eintal uttalt *onǵedl'n*, jf. Lydmønster ➤**L**.

Hokjønn

Dei fleste sterke hokjønnsorda ➤O har dette bøyingsmønstrer:

3. - -a -er -edne

Dermed får orda *skål* og *grend* slik bøyning:

<i>skål</i>	<i>skåla</i>	<i>skåler</i>	<i>skåledne</i>
<i>grend</i>	<i>grenda</i>	<i>grender</i>	<i>grendedne</i>

Dei svake hokjønnsorda ➤O blir bøygd slik:

4. - a -o -er -edne
kanna *kanno* *kanner* *kannedne*
vågga *våggo* *vågger* *våggedne*

Svært mange hokjønnsord følgjer eit anna mønster, som har vokalen *a* i fleirtal:

5. - -a -ar -adne

Slik bøyning har f.eks. *myr* og *ķering*:

<i>myr</i>	<i>myra</i>	<i>myrar</i>	<i>myradne</i>
<i>ķering</i>	<i>ķerinja</i>	<i>ķeringar</i>	<i>ķeringadne</i> 'kjerring'

Desse orda har avvikande bøyning frå dei to hovudmønstra i hokjønn:

<i>bok</i>	<i>boķa</i>	<i>bøker</i>	<i>bøkedne</i>
<i>nått</i>	<i>nåtta</i>	<i>netter</i>	<i>nettedne</i>
<i>dátte</i>	<i>dåttera</i>	<i>døtre</i>	<i>døttedn(e)</i>

Inkjekjønn

Inkjekjønnsorda har desse bøyingsmønstra:

6. - -e - -a

Orda *hus* og *egg* får dermed denne bøyinga:

<i>hus</i>	<i>huse</i>	<i>hus</i>	<i>husa</i>
------------	-------------	------------	-------------

egg *edǰe* *egg* *edǰa*

Dei orda som endar på ein trykklett *-e* i oppslagsforma ➤**O**, følgjer dette bøyingsmønstrer:

7. *-e* *-e* *-e* *-o*
eple *eple* *eple* *eplo*
snøre *snøre* *snøre* *snøro*

Somme ord får ei spesiell bøyning:

8. *-a* *-a* *-er* *-edne*
auga *auga* *auger* *augedne*
jerta *jerta* *jerter* *jertedne* 'hjarte'

Palatalisering

Palatalisering kallar me det at ord som *tak* heiter *taǰe*, *dag* heiter *dajen*, *stånǰ* heiter *stånja* og *legg* heiter *leǰǰen* i bestemt form eintal. Ein *k* eller ein *g* framom endingane som blir nemnde i punkta nedafor, blir altså skifta ut med ein annan konsonant slik at *k* alltid blir skifta ut med *ǰ* (jf. *tak*), mens *g* blir bytt ut med *ǰ* etter kort vokal (jf. *legg*) og med *j* etter lang vokal (jf. *dag*) og etter *n/ŋ* (jf. *stånǰ*). I substantiva skjer denne palataliseringa framom endinga i desse tilfella:

- i eintal av hankjønnsord,
- i fleirtal av hankjønnsord med *-er* og *-edne* som fleirtalsendingar (dvs. klasse 2 ovafor),
- i eintal av hokjønnsord som ikkje endar på *-a* i oppslagsforma ➤**O**, og
- i heile inkjekjøn.

b. Verb

Svake verb

Dei svake verba ➤**O** kan me setja opp i seks klassar med desse bøyingsendingane:

1. *kasta*-klassen:

-a *-ar* *-a* *-a*

Slik bøyer ein kanskje dei fleste verba, f.eks.

<i>takka</i>	<i>takkar</i>	<i>takka</i>	<i>takka</i>
<i>kasta</i>	<i>kastar</i>	<i>kasta</i>	<i>kasta</i>

2. *døma*-klassen:

<i>-a</i>	<i>-er</i>	<i>-de/-te</i>	<i>-t</i>
-----------	------------	----------------	-----------

Etter dette mønstret bøyer ein altså slik:

<i>leva</i>	<i>lever</i>	<i>levde</i>	<i>levt</i>
<i>spara</i>	<i>sparer</i>	<i>sparde</i>	<i>spart</i>
<i>tapa</i>	<i>taper</i>	<i>tapte</i>	<i>tapt</i>

Verba i denne klassen som har konsonantane *g*, *m*, *n*, *r* eller *v* føre endinga, som altså i *leva*, *kjenna*, *spara* osv., får endinga *-de* i preteritum >O. Dersom verbet har ein av konsonantane *k*, *p*, *s* eller *t* føre endinga, blir preteritum laga med å leggja til *-te*: å *kjøpa* – *kjøpte*. Av verb som har konsonanten *l* framom endinga, får somme *-de* andre *-te* i preteritum: *sjilde*, *målte*.

3. *greia*-klassen:

<i>-a</i>	<i>-er</i>	<i>-dde</i>	<i>-tt</i>
-----------	------------	-------------	------------

Altså:

<i>bøya</i>	<i>bøyer</i>	<i>bøydde</i>	<i>bøytt</i>
<i>nøya</i>	<i>nøyer</i>	<i>nøydde</i>	<i>nøytt</i>

Når desse verba får tillagt endingane *-dde* og *-tt*, blir diftongen >O framom kort. Typisk for verba i denne klassen er at dei har *d* eller diftong framom infinitivs-*a*-en: *tøya*, *nøya*.

4. *meina*-klassen:

<i>-a</i>	<i>-ar</i>	<i>-de/-te</i>	<i>-t</i>
-----------	------------	----------------	-----------

Desse verba liknar på *kasta*-klassen i notid og *døma*-klassen i fortid:

<i>låva</i>	<i>låvar</i>	<i>lådde</i>	<i>låft</i>
<i>tåla</i>	<i>tålar</i>	<i>tålte</i>	<i>tålt</i>

Her som i *døma*-klassen finst to endingar i preteritum >O alt etter kva konsonant som står framom endinga: *tålte* med *-te* og *lådde* med *-de*. Verba som følgjer denne klassen, er helst slike som har éin konsonant etter vokalen: *låva*, *baka*, *laga* osv.

5. *telja*-klassen:

-a -e *-de/*-te *-t

Her set me stjerne framom endingane i fortid, for det som først og fremst skil klassen frå *døma*-klassen, er at stammevokalen >O i verbet kan skifta:

<i>velja</i>	<i>vele</i>	<i>valde</i>	<i>valt</i>
<i>sømja</i>	<i>søme</i>	<i>somde</i>	<i>somt</i>

Notidsforma her skil seg òg frå notidsformene i *døma*-klassen ved at dei har ein annan tonegang >O; *vele* er uttalt med det me kallar tonem >O 1, mens *leva* i notid har tonem 2: 'vele, 'lever. Her som i *døma*-klassen bruker ein -te i preteritum >O etter visse konsonantar.

6. *nå*-klassen:

- -r -dde -tt

Verba som går etter denne klassen, har inga ending i infinitiv >O, og altså -r i notid:

<i>tru</i>	<i>trur</i>	<i>trudde</i>	<i>trutt</i>
<i>sy</i>	<i>syр</i>	<i>sydde</i>	<i>sytt</i>

Sterke verb

Dei sterke verba skil seg ut frå dei svake >O ved først og fremst å vera særprega av vokalskifte i stammen >O mellom bøyingsformene, som me ser f.eks. i *fara – fere – for – fare*. Her er vokalskiftet altså *a – e – o – a*. Dessutan er det inga ending i preteritum >O (*for*), perfektum partisipp >O har endinga -e (*fare*), og i notid bruker ein tonem >O 1 ('*fere*) slik som i det svake verbet 'vele, jf. ovafor. Dei sterke verba blir også delte inn i klassar, og då etter vokalskifta. Den vanlege inndelinga stiller me opp nedafor, men det er ein del mindre avvik innafor kvar klasse.

1. klasse (*i – i – ei – e*):

<i>bita</i>	<i>bite</i>	<i>beit</i>	<i>bete</i>
<i>slita</i>	<i>slite</i>	<i>sleit</i>	<i>slete</i>

2. klasse (*o – y – au – å*):

<i>brota</i>	<i>bryte</i>	<i>braut</i>	<i>bråte</i>	'bryta'
<i>sjota</i>	<i>sjyte</i>	<i>skaut</i>	<i>skåte</i>	'skyta'

3. klasse (*i/e – i/e – a – o*):

<i>finna</i>	<i>finne</i>	<i>fann</i>	<i>fonne</i>
<i>drikka</i>	<i>drikke</i>	<i>drakk</i>	<i>drokøje</i>
<i>brenna</i>	<i>brenne</i>	<i>brant</i>	<i>bronne</i>
<i>detta</i>	<i>dette</i>	<i>datt</i>	<i>dotte</i>

4. klasse (e – e – a – o):

<i>bera</i>	<i>bere</i>	<i>bar</i>	<i>bore</i>
<i>sjera</i>	<i>sjere</i>	<i>skar</i>	<i>skore</i>

5. klasse (e – e – a – e):

<i>lesa</i>	<i>lese</i>	<i>las</i>	<i>lese</i>
<i>drepa</i>	<i>drepe</i>	<i>drap</i>	<i>drepe</i>

6. klasse (a – e – o – a):

<i>fara</i>	<i>fere</i>	<i>for</i>	<i>fare</i>
<i>grava</i>	<i>greve</i>	<i>grov</i>	<i>grave</i>

Litt meir spesiell bøyning har desse sterke verba ➤**O**:

<i>be</i>	<i>ber</i>	<i>ba</i>	<i>bee</i>
<i>je</i>	<i>jeve</i>	<i>gav</i>	<i>jeve</i>
<i>stå</i>	<i>står</i>	<i>sto</i>	<i>stie</i>
<i>slå</i>	<i>slær</i>	<i>slo</i>	<i>slie</i>
<i>få</i>	<i>fær</i>	<i>fekk</i>	<i>finje</i>

c. Adjektiv

Adjektiva har me hovudsakleg to typar av: 1) dei som endar på *-en* i oppslagsforma ➤**O** (for eksempel *galen*), og 2) dei som ikkje gjer det (for eksempel *stor*). Adjektiva får bøyning i samsvar med substantivet dei står til, og dermed får dei slike bøyningar:

1) *ein galen gut* *ei galen jenta* *eit gale badn*
galne gutar *galne jenter* *galne bådn*

2) *ein store mann* *ei store kjeriing* *eit stort hus*
store menner *store kjeriingar* *store hus*

Dermed er bøyingsmønstra slik:

1) *-en* *-en* *-e*
-ne *-ne* *-ne*

- 2) - e -e -t
 - e -e -e

d. Pronomen

Dei personlege pronomena er desse:

	Eintal					Fleirtal		
	1. pers.	2. pers.	3. pers.			1. pers.	2. pers.	3. pers.
			hankjønn	hokjønn	inkjekjønn			
subjektsform	<i>eg</i>	<i>du</i>	<i>hann</i>	<i>hu</i>	<i>de</i>	<i>me</i>	<i>de</i>	<i>dei</i>
avhengig form	<i>meg</i>	<i>deg</i>	<i>hann</i>	<i>hene</i>	<i>de</i>	<i>åss</i>	<i>dåkan</i>	<i>dei</i>

Dei peikande pronomena i Røldal har denne bøyinga:

Eintal			Fleirtal
Hankjønn	Hokjønn	Inkjekjønn	
<i>denn</i>	<i>denn</i>	<i>de</i>	<i>dei</i>
<i>denna</i>	<i>denna</i>	<i>detta</i>	<i>dessa</i>
<i>hinn</i>	<i>hi</i>	<i>hitt</i>	<i>hine</i>

4. Ord og uttrykk

Her finn du ei samling gamle ord ➤O og uttrykk ➤O frå Røldal. Samlinga byggjer på:
 Halldor O. Opedal. 1960. *Hardanger-målet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XV. Oslo: Universitetsforlaget.

Halldor O. Opedal. 1980. *Hardingmålet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XXXV. Oslo: Universitetsforlaget.

4.1. Ordsamling

badnalæ (adjektiv) 1) 'om kone som går med barn' 2) 'fødd, barnefødd': *Ho Brita Røldølo va badnalæ i Røldal.*

beseķaft (substantiv, hankjønn) 'fisletut'

klorande (adverb): 'mykje': *Mann'n va klorande gal'n.*
kup (substantiv, hankjønn) 'flokk, skokk': *Dai vatt mæ, haile kupen.*
nikka (verb) 'blunda, duppa, sovna av': *Ho va umm å nikka.*
nuveleg (adjektiv) 'kantete'
rålslege (adjektiv) 'stor': *De va ain r\ålslege fisk.*
sia (adverb) 'dessutan, elles': *Sia bruka dai smørgraut i vetler.*
snaisen (adjektiv) 'lagleg': *Ain sykkel æ snaisen te kâma seg fram m på.*
supande (adjektiv) 'mykje': *De va supande regn umm fredag.*
tånkalege (adjektiv) 'einsamt, trist, stussleg': *De he vorte tånkalege no ette att bådna tok seg ut.*
trydlen (adjektiv) 'mishugsen': *Ho æ ikkje trydlen, ho.*
venta (verb) 'meina, tru': *Hann fødde vell tri-fira sauer, ventar eg.*

4.2. Uttrykk

seia seg ut 'seia seg opp (f.eks. or ei teneste)'
evna ette 'ta etter, apa etter': *Bådna evnar ette so g\ått dai kann.*
De va bærre nakk å nau mæ dai.
Trålla finst, umm de æ langt mellom nutadne.

5. Forskjellar

Omtale av talemålet i andre delar av Odda kommune finst i skissene for Tyssedal og Odda-sentrum.

6. Kjelder med opplysningar om dialekten i Odda kommune

Denne oversikta byggjer på materiale i Målføresamlinga, Nordisk institutt, Sydneplassen 7, 5007 Bergen. Dessutan er det henta opplysningar frå skriftene nemnde nedafor. I desse kjeldene finn ein også fleire opplysningar enn det som er drege fram her. Ei liste over allmenn dialektlitteratur finn du her ➤ **T**[eigen art.] og om hardangermålet her ➤ **T** [eigen art.].

Dalen, Knut og Alma Dalen. 1960. *Røldal bygdebok*. Røldal: Røldal kommune.
 Eitrheim, Tormod. 1972. Litt om dialekten i industrisentret Odda. *Språklig Samling* 1: 13-14.
 Fenne, Hermund. 1976. *Stadnamn i Oddadalen og tilgrensande fjellområde*. Uprenta hovudoppgåve. Universitetet i Bergen.
 Hellemo, Lars. 1957. *Frå det gamle arbeidslivet. Ord og nemningar, truer og tradisjon frå arbeidslivet i Suldal, Røldal og Sauda*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XII. Oslo.
 Nielsen, Mentz Rynning. 1958. *Noko om stadnamn i Odda*. Bergen.

- Opedal, Halldor O. 1960. *Hardanger-målet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XV. Oslo: Universitetsforlaget.
- Opedal, Halldor O. 1980. *Hardingmålet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XXXV. Oslo: Universitetsforlaget.
- Opedal, Halldor O. og Oddmund Hus. 2005. *Hardingmålet: ord og vendingar og stil*. Kinsarvik: Hardanger Folkeminnelag.
- Sandve, Bjørn Harald. 1976. *Om talemålet i industristadene Odda og Tyssedal. Generasjonsskilnad og tilnærming mellom dei to målføra*. Uprenta hovudoppgåve. Universitetet i Bergen.
- Sørli, Mikjel. 1959. Om Odda-målet i dag. *Maal og Minne* 1959: 55-66.
- Vidsteen, Chr. 1885. *Oplysninger om Bygdemaalene i Hardanger*. Bergen: I Kommission hos Ed. B. Giertsen.